

Bnr. 3 Vågsholm

Tekst til fleire hus på kartet; nummer 1-6:

1: Våningshus bygd i 1906 (står framleis og no på bnr. 113).

2: Gamlestova på Vågsholmen, vart riven kring 1940, og var plassert om lag ved flaggstanga på noverande bnr. 50.

3: Stabburet på garden.

[Gamleløda på Vågsholmen, riven i ukjent år, stod lenger nord på holmen, og er *ikkje avteikna på kartet*, men viser på bilda , og den var plassert på deler av noverande bnr. 117.]

Husa nr. 4-6 var **naust/sjøbud og ei stor sjøbud med fiskemottak**. *Sjøhusa var plasserte i eit område som er blitt utfyllt og mykje endra*. Det er difor uråd å plassere dei rett på modellkartet. Sjå heller på bilda vedkomande plassering i opphavleg terreng!

I Herøysoga finn ein fleire eigarar av bnr. 3, frå 1820: Jens Jakobsen Kvalsvik (1765-1836), Petter Jensson Vågsholm (1800-1851) og Pål Pålson Moltu (1826-?)

1883 - 1939 *Jakob Pålson Vågsholm* 16/9 1859 - 27/5 1949 g
1884 *Karoline Monsd. Bø* 24/10 1858 - 27/8 1913.

Born: Paul Martinus (n. br.). Mons Sigvald 5/10 1887 - 26/2 1924. Berte Marie 1889 d. **Ragnvald** (Sjå omtale under hus nr. 7 og 101). **Benjamin** 28/12 1890, g 1914 Inga Gerhardsd. Kvalsvik, busett Borgund (sjå omtale under hus nr. 16 og 17). Joakim (Fosnavåg N, byggsletomter). Jakob Fredrik (Fosnavåg Ø 66). Ruth 19/9 1897, g 1921 fyrvaktar Amund J. Holte.

Skøyte 1883 frå Ulstein kommune for kr. 1000. Jakob bygde **stabbur 1888, stove 1906**. Til den tid stod dei to gamle stovene, men då vart stova til førre eigar, Pål, riven. Den eldste stova, som stod på plassen då garden var eigd av Ulstein kyrkje fram til 1883, stod like til 1940. Då vart ho riven. **I 1900 bygde Jakob sjøhus**.

1939 - *Paul Jakobson Vågsholm* 28/12 1885 g 1909
[Antonie] Kristoffa Andreasd. Einebakk, Rovde, 2/2 1882 - 9/4 1962.

Skøyte 1939 frå faren for kr. 6000. Paul gjekk eit handelskurs i Bergen 1905 og kjøpte med seg heim att 100 tomtønner og 30

tønner salt, og tok til med sild- og fiskeforretning. Han overtok og moderniserte også faren sitt trandamperi og dreiv det. **Trandamperiet** stod inne på Notaneset, om lag der det i 2017 er tillaga ein fin badeplass for nørvågarane. Om somrane gjekk kyrne frå Vågsholmen på beite i dette området. Kristoffa brukte å samle kyrne i trandamperibygget, og mjølke dei der - morgon og kveld.

I 1912 tok Paul til med **barkeri** der ein kunne få barka fiskegarn og sildenøter. (Han dreiv altså ikkje bakeri, slik prentesverten har fått det til i Gardar og Folk). Paul og Kristoffa var drivkrafta då **Fiskarheimen** (hus nr. 85) i Fosnavåg vart bygd i **1916**. Paul var i mange år med i kommunestyret og medlem av Fosnavåg bygningskommune og var formann i Fosnavåg hamnestyre 1918 - 1927.

Så meir om Paul Jakobson Vågsholm si soge under hus nr. 10, 11 og 16.

Kjelder: Herøyboka, Gardar og Folk II av Bjarne Rabben, 2.opplag 1981, artikkel i Vestlandsnytt 31.12.1955, Kjellaug Vågsholm, Kari Vågsholm og Marit P. Kvalsvik .